

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Snåsa

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Syngherf

Gard:

(adresse): Snåsa

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Mes la etter det gamle folk har fortalt.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Bonde Ola Våg 93 år gammel.

SVAR

1. Det vanlege namnet for brynet i Lissa er hein (ei hein). (Hein ogjå på gammalnorsk).
2. Før i tida brukta dei heinar av naturstein. På Lissadal, sin fjellegard inne ved svenske grensen fann dei ein stein som var fin og god til hein. Denne steinhekk låg lause på berget med litt jord over og dei grov dei opp med ei liten hakke. Tok dei i ein sekke og bar dei fram til bygda, detke var ei vanleg dagsferd. Når søndagen kom tok han som hadde heinta heinane, dei i ein sekke og uter veske, som dei bar på venstre sida, med ei rein over skula. Når gjeds kvetta var slutt seide han hein for hein til dei som var møtt fram for 3 skilling, men da det var mot 1870 åra 7 skilling. Etter 1875 vart hein bringt til handelen bura og seide eit der i frå for 25 åra og steig til 30 og 40 åra. No er det mest kunststein som vort bruket.
3. Gamle folk seier, at etter 1830 var det vanleg at redskaper vart slipet på ein rund slipstein og etterpå finkvesa med ei hein. Så vidt eg forstår vart det =

- skaper først slipt, så nær som barberkniva.
4. Om lynnning av ljå er det ingen av dei gamle som veit om. Men før det var slipestein, ~~men før slipestein var ikke i bruk~~, brukte dei noko dei kalla bryne. Denne bryna var laga av sand og ~~sko~~ ko (ei ko). Det same som kose av granne. Sand og kosa blandas dei godt saman i ein liten kasse av tre av tynde storklik, eller det redskap som skulte kverkast, opp til 40 cm. lang og 10 cm. brei. Kosa varma dei opp. Denne bryna vart mest brukt til ljå og øks. Ho vart og brukt eller at slipestein var kausi i bruk, solis når dei var på slått i fjellet og slipp slipestein var for tung å føra med seg. Dei gamle veit ikkje om nokon skilnad på slipeljåer og lynnsljåer.
- På bryna førde dei ljåen fram og tilbaka.
5. Nokon slike stein på gardane som låg stille for å slipa på veit ingen av dei gamle om. Den künde slipesteinen stod mesta heime. Dei hadde så mange ljåer med seg at dei klara seg heile dagen.
6. Ein slipe ljå skulde vanleg klara seg i eit mæn (ei økt heiter på Luvåen eit mæn). 3 eller 4 timar.
7. I gamle dagar brukte dei berre Luvåensheimen eller at dei hadde brukt bryne. Sjå 4.
8. Nei, når dei sliper ljåen tek dei hvar frå arvet. Når dei sliper ljåen held dei ryggen mot seg.
9. Når dei heimar ljåen har dei hvar fast til arvet, sett øvre enden på arvet ned mot

4809

gards og ljæn under venstre arm og held
venstre handa på bakken av ljæn, heiner med
høgre handa, dreg heina nedover eggen på
ljæn på bae sider om ein annan.

10. Tuzen av dei gamle hadde nokke særskilt navn
på Lerposen med vatn i, som dei hadde til
heina, men det var det mest vanlege at dei hadde
ljæheina i venstre handa der dei held i
knotten på hantaket av arvet, når dei slo.
Lerposen med vatn ha dei hengande på den
høgre side. Dei som ikkje hadde lerpose
spytta på heina når dei heina ljæn.
11. Horn ukjent i Lissa. Lisse kalla lerposen, hein skrotte.
12. På høgre side. (10). Hein skrotte på høgre side.
13. Også sand eller bjær ukjent.
14. Eg har høyrte heinngjöl, men var vist lite
brukt.
- 15-16 Ukjent.
17. Ukjent.
18. Eg har spurd flere av dei gamle, men
ingen kjemmer til at heina taler.
19. Dei så ikkje nokke, når dei spytta på heina.
20. Nei ingen reise eller vide er kjent.



1809